



VIEVEGEN 143
VIEBØEN



VIEVEGEN 143
VIEBØEN

INNHOOLD

08	Velkommen
11	Faktaopplysninger
12	Digital salgsoppgave
13	Eiendomsmeglere
14	Plantegning
16	Digital salgsoppgave
17	Prosjektskildring
18	Tomteforhold
18	Leveranseskildring
19	Teknisk skildring
21	Energi
21	Økonomi
21	Offentlege forhold
22	Kjøpsbetingelsar
24	Meklar
27	Vedlegg
28	Romskjema
29	Planteikning



30	Bygningsteikningar
32	Kjøkkenteikning
33	Kommunalinformasjon
34	Bodskjema

VIEVEGEN 143

VIEBØEN

Her har du moglegheit til å få deg ein nøkkelferdig, ny einebustad med gode kvalitetar!

Bustaden blir levert med god standard og moderne utføring over to plan i tillegg til integrert carport med direkte inngang til vaskerom.

Verdt å nevne:

- Takhøgde opp til ca. 3,2 m. i 2. etg
- Kjøkken frå Aubo
- To bad og vaskerom
- Overbygd veranda på ca. 10m²
- Luftig stove- og kjøkkenløsning på totalt 48m²
- Praktisk planløsning tilrettelagt for vaksne og familiar
- Attraktivt og rolig område med gode soltilhøve heile året
- Gangavstand til sjukehus, høgskule, barnehage og butikk
- Flotte turmoglegheitar i området
- Ca. 3 km til Førde sentrum

1.etg: Entré, gang, bad, vaskerom/bod og to soverom.

2.etg: Stove, kjøkken, bad, gang og soverom.

Ta kontakt ved interesse!





FAKTAOPPLYSNINGAR

Prisantydning

6.580.000,-

Totalpris

6.618.874,-

P-rom

118 m²

BRA

123 m²

Soverom

3

Bustadtype

Einebustad

Eigarform

Sjølveigar

DIGITAL SALGSOPPGAVE

Bruk din mobiltelefon for å få tilgang til komplett salgsoppgave med vedlegg.

Gå inn på Kamera-appen på telefonen din og hold over QR-koden:



Dersom din mobiltelefon mot formodning ikke støtter denne funksjonen kan du få tilgang til informasjonen ved å gå inn på www.weiendomsmegling.no/eiendom/12006723



EIENDOMSMEGLER

Ole Jonny Klopstad Holsen

Partner |Daglig leder |Eiendomsmegler MNEF
ole@wmegling.no

415 22 029



EIENDOMSMEGLER


Renate Ripe Johnsen

Eiendomsmegler MNEF / Partner
renate@wmegling.no


473 30 484



PLANTEGNING



Plan 2



Plan 1

VIEVEGEN 143

Bustaden blir levert med god standard og moderne utføring over to plan i tillegg til integrert carport med direkte inngang til vaskerom.

1.etg: Entré, gang, bad, vaskerom/bod og to soverom.

2.etg: Stove, kjøkken, bad, gang og soverom.

Soverom:	P-rom:	BRA:	Prisantydning:	Totalpris:
3	118	123	6.580.000,-	6.618.874,-

NYTTIG INFORMASJON

VIEVEGEN 143

Prosjektert einebustad med attraktiv og solrik plassering! 3 soverom og integrert carport. Nær sjukehus og høgskule.

OM PROSJEKTET

Her har du moglegheit til å få deg ein nøkkelferdig, ny einebustad med gode kvalitetar!

Bustaden blir levert med god standard og moderne utføring over to plan i tillegg til integrert carport med direkte inngang til vaskerom.

Verdt å nevne:

- Takhøgde opp til ca. 3,2 m. i 2. etg
- Kjøkken frå Aubo
- To bad og vaskerom
- Overbygd veranda på ca. 10m²
- Luftig stove- og kjøkkenløsning på totalt 48m²
- Praktisk planløsning tilrettelagt for vaksne og familiar
- Attraktivt og roleg område med gode soltilhøve heile året
- Gangavstand til sjukehus, høgskule, barnehage og butikk
- Flotte turmoglegheitar i området
- Ca. 3 km til Førde sentrum

1.etg: Entré, gang, bad, vaskerom/bod og to soverom.

2.etg: Stove, kjøkken, bad, gang og soverom.

UTBYGGJAR

Å&Ø Utvikling AS

Org.nr.: 995142392

Fjærevegen 9, 6800 Førde

PROSJEKTSKILDING

ADRESSE

Vievegen 143, 6812 Førde

MATRIKSEL

Eigedommen består i dag av to gardsnummer; Gnr. 43, bnr. 55 og Gnr. 43 bnr. 379 i Sunnfjord kommune. Etter at eigedommane er overført til kjøpar, vil disse verte samanføya til eit bruksnummer. Samla utgjør disse eigedommane ca. 280 kvm.

PASSERING

Bustaden ligg i eit attraktivt og roleg bustadområde med gode soltilhøve heile året. Det er gangavstand til sjukehuset, høgskule, barnehage og dagligvarebutikk. For fleire fasilitetar og servicetilbod er det 3 km. til Førde sentrum, som og har gang- og sykkelveg. For kollektiv transport er det busstopp for ringbuss med hyppige avgangar like ved.

Nærområdet byr på flotte turmoglegheitar som blant anna dagsturhytta og Viefjellet. Det er og mange fine turstiar i Angedalen og på Soleide.

GARASJE/PARKERING

Parkering i integrert carport. Det blir tilrettelagt (trekkerøyr) for el-billading i carport. Sjølv ladaren inngår ikkje i leveransen. Vår elektroentreprenør kan montere ladar som tilval om det er ønskjeleg. Dette kan ein ta opp i kundemøte.

FRAMDRIFTSPLAN OG FERDIGSTILLING

Forventa byggetid er ca. 18 månader frå oppstart betong.

Kjøpar er uansett plikta å overta 4 veker etter at seljar har varsla om dato for at bustaden er ferdigstilt, sjølv

om dette er tidlegare enn stipulert ferdigstilling. Ved overtaking følgjer mellombels bruksløyve. Ferdigattest vil først ligge føre når heile prosjektet er ferdig.

Kjøpar pliktar å overta mot mellombels bruksløyve og har rett til å halde attende ein forholdsmessig del av vederlaget til sikkerheit for at ferdigattest vert gjeve. Alternativt kan seljar stille vanleg sjølvskuldgaranti som sikkerheit for dette høvet. Seljar tek atterhald om å kunne stille slik garanti. Overtaking mot mellombels bruksløyve medfører at ein har teke over eigedomen og ikkje har krav på dagmulkt etter overtaking.

Innan 3 mnd etter overtaking vil kjøpar få tildelt FDV-dokumentasjon som syner kva material, produkt og fargeval som er nytta, og i tillegg adresselister med oversikt over kontaktpersoner/ firma som er ansvarleg for dei forskjellige arbeid og vedlikehald.

FORSIKRINGSSELSKAP

Bygg og eigedom vil vere forsikra av seljar fram til overtaking. Deretter må kjøpar teikne fullverdiforsikring. Kjøpar må sjølv teikne innbu- og lausøreforsikring.

TOMTEFORHOLD

UTOMHUS

Eigedommen består i dag av to gardsnummer; Gnr. 43, bnr. 55 og Gnr. 43 bnr. 379. Etter at eigedommane er overført til kjøpar, vil disse verte samanføya til eit bruksnummer. Samla utgjør disse eigedommane ca. 280 kvm.

I samband med ferdigstilling av naboprojekt på g/ bnr. 43/373 (sameige), samt utbygging av gang- og sykkelveg så kan det bli føreteke nokre mindre grensejusteringar slik at endeleg tomteareal kan avvike noko frå dagens storleik.

Utomhusarbeid:

Viser til situasjonsplan som syner utforming av terreng. Utomhusplanen er meint å vere illustrativ og det vil difor bli justeringar som følgje av stadlege tilpassingar. Plenareal vert levert tilsådd. Avhengig av årstid vil ferdigstilling av utomhusområde bli utført etter overtakinga av bustaden. Postkassestativ må kjøpar sjølv besørge. Det vert sett opp gjerde i nabogrense mot vest, nord og aust. Utforming / type vert valt i samråd med arkitekt.

LEVERANSESKILDRING

KJØKKEN

Kjøkkeninnreiing er frå Aubo levert av Montèr. Modellen i standardleveransen er Sense som har 6 valfrie fargar. Det blir gjennomført eigne avklaringsmøte / tilvalsmøte med kjøkkenleverandør som mogleggjer personleg utforming og tilpassing av kjøkken

Det kan ikkje utan vidare påreknast at ein kan flytte posisjonar for installasjonar som krev tilkopling av vatn, avløp eller straum. Eventuell omflytting må godkjennast av prosjektleiar.

Det vert levert med oppvaskmaskin, komfyr, induksjon platetopp og kjøle-/ fryseskåp frå Elektrolux. Kvitvarene er innbyggingsprodukt. Ventilator frå Røros, evt Flexit.

Vegg mellom benk og overskåp vert levert i måla utføring.

Det vert teke atterhald om å kunne endre kjøkkeninnreiing og kvitevarer til tilsvarande produkt og kvalitet frå andre leverandørar/ produsentar om leveringssituasjonen eller andre marknadsforhold gjer det nødvendig / hensiktsmessig.

Spesifikasjonar kjøkken:
- Front modell Sense med 6 valfrie standardfargar. Handtak Tenerife 128.
- Laminat benkeplater 30 mm, rett laminat forkant.

Fleire valmoglegheiter.

- Vask modell Franke Spark SKX611-100
- Standard kjøkken har normalhøgde – topp overskåp / høgskåp ca 212 cm
- Skuffeseksjonar med fulluttrekk og demping.
- Ventilator type Røros Crystal 1140 (slimline) el. tilsv.

Spesifikasjonar kvitevarer:

Induksjonstopp: HOI620S

Steikeovn: CKP806X1

Oppvaskmaskin: EES67410L

Kjøle- / fryseskåp: KNT3LF18S2

BAD

Baderomsinnreiing er type Unik frå Aubo i kvit farge. Servantskåp i bredde 100 cm. Høgskap på bad 1.etg kan bestillast som tilval. Topplate med integrert servant og eitt greps servantbatteri, spegel med integrert lys. Vidare vert det levert eitt greps dusjbatteri med dusjgarnityr og dusjveggar/dører som kan slåast inn i hjørne når dusj ikkje er i bruk. Vegghengt klosett i kvit porselen. Badekar med nødvendig røropplegg kan bestillast som tilval. Badet blir levert med 20x20 golvfliis type Demireks Exil / Majorica. På vegg er det 60x30 baderomsplater frå Berry Alloc i type White Glossy. Malte gipsplater i himling.

ANDRE OPPHALDSROM

Takhøgde i 1. etasje blir 240 cm eller meir med unntak av bod / vaskerom som eventuelt kan få redusert takhøgde dersom det er nødvendig for å skjule teknisk infrastruktur.

I 2. etasje blir det skråtak i stove og soverom. Takhøgda i hovuddelen av stova vil variere frå ca 270 cm til ca 320cm. I bad, gang og kjøkken blir det flat himling med høgde min. 240 cm.

Golv:

I stove, kjøkken, soverom og gang er det laminatgolv som ser ut som vanleg kvitpigmentert eikeparkett. Nemninga på denne er Grand Alu Champs Elysees frå Berry Alloc.

Veggar:

I kjøkken og stove er det veggar med gipsplater. Ein kan velge fritt to fargar, og ein farge per rom. Fargar utover dette blir som tilval.

I entré/gang, soverom og bod/vaskerom er det ferdigmåla plater i type Huntonit Basic Wall. Det kan veljast fritt blant standard fargar og overflater i Basic Wall sortimentet.

Tak:

Tak har gipsplate med to strøk matt kvit måling (Klassisk Hvit NCS S0500-N eller Bomull NCS S0502-Y)

GARDEROBEFASILITETAR

Garderobe leverast av anerkjent leverandør/kvalitet. 1 meter pr sengeplass med front i glatt utføring, integrert sokkel og skaphøgde på ca. 2,1 m.

TEKNISK SKILDRING

KONSTRUKSJON

Denne spesifikasjonen er utarbeidd for å orientere om bygget sine viktigaste kvalitetar og funksjonar. Det kan førekome avvik mellom byggespesifikasjonane og planteikningane. I slike tilfelle er det byggespesifikasjonen som er gjeldande. Alle konstruksjonar og løysingar i prosjektet vil vere basert på preaksepterte løysingar som inneber at løysingar og materiale er godkjende/sertifisert ihht. til den bruk/funksjon som er tiltenkt. Illustrasjonar i teikningsmaterialet kan vise forhold som ikkje nødvendigvis samsvarar med den faktiske leveransen då ein del forhold er gjenstand for kundetilpassing. Dette kan f.eks vere møblering, fargeval, dør- og vindaugsform eller bygningsmessige detaljar.

Det kan bli naudsynt med mindre innkassingar av tekniske installasjonar som ikkje går fram av planteikningane.

Kanalar og røyrføringar vert skjult i veggjar og himling, eventuelt bak innkassingar som vil bli overflatebehandla som ein del av overflata der dei blir montert. Innkassingar er ikkje vist på prospektteikningar. Endeleg utvendig fargeval vil bli gjort av arkitekt på eit seinare tidspunkt som del av den arkitektoniske utforminga av prosjektet.

Prosjektet blir byggemeldt i samsvar med Plan- og Bygningslova, tekniske forskrifter etter TEK 17, sist endra 21. juni 2017.

Fundament og ringmurar i betong. På plan 1 er det støpt golv med isolasjon under. Laminat og flisar oppå golvstøypen. Bygningen er elles ein trekonstruksjon.

Etasjeskilje har isolert bjelkelag med sponplater og laminat / flis over. Nedlekting og gipsplater under.

Carport vert bygd som kald, uisolert konstruksjon. Innvendig vert det plata i himling og veggjar med kledning tilsvarande fasade elles. Yttervegg med ope spileverk mot aust. Carport får asfaltert dekke.

FASADE

Ytterveggjar er utført i isolert bindingsverk og i hovudsak kledd med trekledning, eventuelt med innslag av fasadeplater. Trekledning vert levert ferdig måla frå fabrikk. Fargeval blir gjort av arkitekt i ein seinare fase i prosjektet.

YTTERTAK

Taket er ein isolert sperrekonstruksjon, oppbygd som lufta tak med vidsperre, opplekting og OSB-plater. Taket har foleitekking. På undersida av sperr er det lekter og gipsplater.

BALKONG/TERRASSE/UTEPLASS

Altandekke vert bygd som ein inntekka konstruksjon med terrassebord over. Konstruksjonen er isolert der det er rom under. Spalteledning utvendig over inngang og under taksperr. Altan får rekkverk delvis

som tett brystningsvegg og delvis med glass.

TRAPP

Trapp mellom etasjar vert utført med trapp frå Hagen AS av typen Strynetrappa Fauna eller tilsvarande. Kvitmåla med tette trinn. Trappa blir levert frå fabrikk med integrert bod under.

VENTILASJON

Det vil bli montert balansert ventilasjon med lokalt aggregat plassert i bod / vaskerom. Anlegget har varmegjenvinning i samsvar med forskriftskrav. Friskluft vert tilført rom med høge krav til luftkvalitet, og bruk- og forureina luft vert ført ut av bustaden.

SANITÆR

Det vert montert opplegg for oppvaskmaskin i kjøkkenbenk og opplegg for vaskemaskin på vaskerom, som vist på teikning. Det vert ikkje montert skyllekar som del av leveransen.

BRANNSIKRING

Brannsløkkingsutstyr i samsvar med forskrifter. 1stk brannsløkkingsapparat. Brannalarm i samsvar med forskriftskrav.

DØRER OG VINDAUGE

Vindaug med energiglas. Vindaug er av tre med utvendig aluminiumskledning. Innvendige karmar vert levert ferdig kvitmala. Innvendige utføringar med gerikt er ferdig kvitmala med synlege stiftehol etter listespikar. Illustrasjonar kan vise avvikande løysing med tilsynelatande listefri løysing.

Innvendige formpressa dører med slett kvit overflate, type Bygg 1 Sletten eller tilsvarande. Dørkarmar i kvit farge, NCS S0502Y. Dørvidar i blank eller børsta stål.

Hovudinngangsdør Bygg 1 Odda med glasfelt, el tilsvarande, i malt utføring frå fabrikk med slett overflate. FG-godkjend tryggleikslås vert levert.

KABEL-TV/BREIBAND/TELEFONI

Tv-anlegg vert basert på fiber. Det vert laga fordelarskap som er førebudd for fiberinntak. Kjøpar må sjølv innhente pris og inngå avtale (breiband/TV) med signalleverandør. Kjøpar betaler tilknytning/flytting samt abonnement. Ringeklokke av standard modell/kvalitet.

ENERGI

ENERGIMERKING

Energiklasse C, eller betre. Energimerking av bustaden vil bli ein del av sluttokumentasjonen for bustaden. Informasjon om energimerking finn ein på www.energimerking.no.

EL-ANLEGG

Elektrisk anlegg ligg generelt skjult. For lyspunkt i himling vert det levert stikkontakt i overgang mellom himling og vegg. Ledlys monterast under overskap på kjøkken. Komfyrvakt. Det er med utvendig belysning styrd av astrour eller fotocelle.

Alle rom får stikkontakt og lampepunkt i samsvar med gjeldande normer og forskrifter. Det vert installert eige sikringskåp med automatsikringar. Straummålar og hovudbrytar i utvendig skåp plassert inntil yttervegg.

OPPVARMING

Det er medteke elektrisk golvarme i opphaldsrom på bakkeplan og badarom. Vedovn i stove som vist på planteikning. Vedovn vert levert av typen Lotus Prestige 10, eller av tilsvarande kvalitet. Stålpipen. Underlagsplate av klart glas, 6mm.

ØKONOMI

INFO KOMMUNALE AVGIFTER

Årlege kommunale gebyr ifølge Sunnfjord kommune per 2023:

Vatn pr år kr: 1 766,-

Forbruksgebyr vatn (kr. per m3): 12,97

Avløp pr år: 2 051,-

Forbruksgebyr avløp (kr. per m3): 21,51

Renovasjon pr. år: 4 287,- (ved bruk av behaldar på 140 liter)

INFO OM EIGEDOMSSKATT

Nyoppførte bustader er friteke frå eigedomsskatt fram til 01.01 året etter overtaking. Eigedomsskatten blir deretter på 6 promille (gjeldande ihht. sats 2023).

INFO OM FORMUESVERDI

Likningsverdien er førebels ikkje fastsett. Denne vert fastsett av Skatteetaten etter overtaking, og vil normalt vere 25-30% av første gongs kjøpesum.

TILBUD OM LÅNEFINANSIERING

Meklar kan formidle kontakt med lokal bank for rask avklaring av finansiering ved kjøp i prosjektet.

OFFENTLEGE FORHOLD

TINGLYSTE HEFTELSAR OG RETTAR

Utbyggar/seljar har rett til tilknytning frå egne og andre sine eigedommar til dei private veg- og leidningsanlegg som er opparbeida av utbyggar. Eventuell refusjon for tilknytning til slike anlegg tilfaller utbyggar. Utbyggar har også rett til mot vederlag å knyte nye bustadfelt til anlegget. Tomteselskap, kommune, elektrisitetsverk m.m., har tilgang til utan vederlag å leggje leidningar for vatn, overvatn, avlaup, kablar m.m. på eigedommen, og til å plassere naudsynte hydrantar og sluk på tomte etter dei til ei kvar tid gjeldande planar. Dei leidningar m.m. som ligg i tomte kan når som helst og utan vederlag gravast opp for reparasjon og vedlikehald.

FERDIGATTEST / MELLOMBELS BRUKSLØYVE

Ved overtaking følgjer mellombels bruksløyve. Ferdigattest vil først ligge føre når heile prosjektet er ferdig.

Kjøpar pliktar å overta mot mellombels bruksløyve og har rett til å halde attende ein forholdsmessig del av vederlaget til sikkerheit for at ferdigattest vert gjeve. Alternativt kan seljar stille vanleg sjølvskuldnar-garanti som sikkerheit for dette høvet. Seljar tek atterhald om å kunne stille slik garanti. Overtaking mot mellombels bruksløyve medfører at ein har teke over eigedomen og ikkje har krav på dagmulkt etter overtaking.

REGULERINGSPLAN OG RAMMELØYVE

Eigedomen er regulert til bustadføre mål. Plan ID 143220170002, datert 06.09.2019 er gjeldande for denne eigedomen. Ein gjer merksam på at deler av naboeigedomen er regulert til bustadføre mål, samt ny gang- og sykkelveg, i samme planen. Sjå reguleringsplan.

VEG, VATN OG AVLØP

Privat veg på eigen eigedom. Frå kommunal veg, fram til eigdommen, er privat veg, med tinglyst vegrett på g/bnr.43/8. Kjøpar må ta del i kostnader, med ideell andel, knytt til brøyting, vedlikehald mv. Dette vil verte organisert av Bøen sameige, g/bnr. 43/373.

Tilknytt offentleg vatn og kloakk.

KJØPSBETINGELSER

AVBESTILLING

Kjøpar kan i samsvar med bustadoppføringslova (bufl) kapittel IV, avbestille bustaden inntil overtaking har funne stad. Ved avbestilling betaler kjøpar etter bustadoppføringslova §54 eit avbestillingsgebyr på 5% av kjøpesummen. Bestilte endrings- og tilleggsarbeid skal betalast i si heilheit.

GARANTAR

Seljar pliktar å stille bankgaranti til kjøpar i samsvar med Bustadoppføringslova §12. Denne garantien skal stillast umiddelbart etter bodaksept og skal tilsvare 3% av kontraktsummen i perioden fram til

overtaking, og 5% av kontraktsummen i 5 år etter overtaking. Det skal ikkje betalast inn noko del av kjøpesummen før denne garantien er stilt.

Ved innbetaling av forskot stiller også utbygger forskotsgaranti etter §47 tilsvarande dei til ei kvar tid innbetalte forskot fram til overtaking. Overføring av innbetalt forskot til meklar til seljar er avhengig av at seljar har stilt garanti i samsvar med bustadoppføringslova §47

TILVAL OG ENDRINGAR

Ved tilval og endringsarbeid gjer ein merksam på at kjøpar vil bli kalla inn til endringsmøte av utbyggjar/entreprenør, der kjøpar og entreprenør går gjennom leveransebeskrivinga. For endring av standard/leveranse vert det skriven ein endringsavtale direkte mellom entreprenør og kjøpar. Oppgjer for evt endringsarbeid skal skje gjennom meklar.

Det vil bli mogleg å gjere enkelte individuelle tilpassingar avgrensa av konstruksjonsprinsipp og lovverk/forskrifter. Seljar vil i god tid før innreiingsarbeida startar kalle inn til tilvalsmøte for gjennomgang av eventuelle endringar. I tillegg til møte med seljar, vil det også verte arrangert eige møte med kjøkkenleverandør, elektrisk og rørleggjar.

Det vil i utgangspunktet ikkje vere høve til å flytte/endre bærande konstruksjonselement, sanitære punkt eller vegger med sanitære installasjonar, eller andre vegger med vesentleg grad av tekniske installasjonar.

BETALINGSBETINGELSER

10% ved undertekning av kontrakt
40% ved tett hus
40% ved klart til måling
10% ved overtaking
Prosentsats er av kjøpesum.

SALSBETINGELSER OG KJØPETILBOD

Eventuelle bod må gjevast inn på meklar sitt standard bodskjema som vil bli nytta ved alle sal. Sjå

bodskjema.

SAL AV KONTRAKTSPOSISJON

Sal av kontraktsposisjon er berre tillate etter godkjenning frå seljar. Seljar kan utan nærmare grunngjeving nekte ei slik godkjenning. Ervervet vil etter slik godkjenning kunne tinglysast direkte til tredjemann, men seljar vil i høve til oppgjer og kontraktsvilkår elles berre halde seg til kjøpar.

Seljar tek atterhald om å føreta justeringar i kontrakten som følgje av offentlege krav m.m. Vidare har seljar høve til å avvise bod frå interessentar som måtte motsette seg å bruke eller krevje endringar i standard kjøpekontrakt.

AREALBEREKNINGAR

Areal oppgitt i prospektet er gitt i bruksareal (BRA) som er bustaden sine mål innvendig, saman med innvendige boder og veggjar, yttervegg er ikkje medrekna. I tillegg vert det oppgjeve P-rom som er leilegheitene sitt BRA-areal fråtrekt innvendige boder og veggane til desse. Då bustaden ikkje er oppført, er oppgjevne areal basert på arkitekten sine arealutrekningar. Avvik kan derfor førekome. Sjå vedlagte planteikningar for detaljerte mål på bustaden.

PRISANTYDNING OG OMKOSTNINGAR

6 580 000,- (Kjøpesum)

Omkostninger:

204,- (Panteattest kjøper)
585,- (Tingl.gebyr pantedokument)
585,- (Tingl.gebyr skjøte)
37 500,- (dokumentavgift av tomteverdi)

38 874,- (Omkostninger totalt)

6 618 874,- (Totalpris inkl. omkostninger)

ATTERHALD FRÅ UTBYGGAR

Seljar tek generelt atterhald om myndigheitene si sakshandsamingstid og eventuell justering i framdrift

for overtaking/ -innflytting, heimsoverføring med vidare som følgje av dette.

Ein tek vidare atterhald om myndigheitene sin godkjenning av prospektet.

Det kan førekome avvik mellom byggespesifikasjon og planteikningar. I slike tilfelle er det alltid byggespesifikasjon som er retningsgivande. Dersom det er avvik mellom prospekt og leveransespesifikasjon, er det den endelege leveransespesifikasjonen i kontrakten som gjeld. Omfanget av leveransen er avgrensa til denne.

Bustaden vert levert i byggereingjort stand. Kjøpar må pårekne utvask før eigen innflytting.

Alle opplysningar i denne salsoppgåva er gitt med atterhald om rett til endringar som er hensiktsmessige og naudsynte, føresett at det ikkje reduserer den generelle standarden monaleg. Kjøpar aksepterer utan prisjustering at seljar har rett til å føreta slike endringar. Døme på slike endringar kan vere innkassing av tekniske anlegg, mindre endring av bustaden sitt areal eller liknande.

Skøyte vert tinglyst i kjøpar sitt namn. Dersom kjøpar ikkje ønskjer tinglysing av skøyte, må han ta atterhald om dette i mellombels kjøpsavtale/bod. Ved eventuell endring i eigarskap/namneendring frå kjøpar si side etter bod/aksept vil det tilkomme administrasjonskostnader til meklar på kr. 15.000,- inkl. mva som innbetalast til meklar sin driftskonto. Eventuell endring krev utbyggjar sitt samtykke.

Seljar tek atterhald om retten til å gjere kredittvurdering av kjøpar. Eigedomsmeklar er underlagt lov om kvitvasking. Dette medfører at meklar har plikt til å melde frå til Økokrim om evt. mistenkelege transaksjonar. Alle kjøparar må leggje fram gyldig legitimasjon for legitimasjonskontroll til eigedomsmeklar eller gjennom sin bank.

Det vert teke atterhald om trykkfeil i leveransespesifikasjon og prospekt. Teikningar, bilete, animasjonar m.m. er av illustrativ karakter, og er i tillegg nedfotografert.

Vi gjer merksam på at bilete og teikningar/3D teikningar i salsoppgåva er illustrasjonar, avvik kan førekomme.

Teikningar av tekniske anlegg:

Tekniske anlegg og framføringar til desse blir ikkje vist på teikningar som vert omfatta av kjøpekontrakt. Endeleg plassering av desse vert bestemt av kva som er hensiktsmessig og naudsynt. Ein tar atterhald om endringar på planteikningar for framføring av sjakter for ventilasjonsanlegg og elektriske føringar.

LOVANVENDING

Bustaden vert selde i samsvar med lov om bustadoppføring av 13. juni 1997 nr. 43 (bustadoppføringslova).

KVITVASKINGSLOVA

Etter lov om kvitvasking og terrorfinansiering pliktar meklar å gjennomføre kundekontroll ved å stadfeste identiteten til kunden, eventuelt reelle rettighetshavarar, på bakgrunn av gyldig legitimasjon. Dersom slike kundetiltak ikkje let seg gjennomføre kan meklar ikkje etablere kundeforholdet eller utføre transaksjonen. På same måte pliktar meklar å gjennomføre kundekontroll på kjøpar. Meklarføretaket har plikt til å melde ifrå til Økokrim om egedomstransaksjonar som framstår som mistenkjelege. Slik melding vert sendt utan at partane vert varsla. Meklar kan også i enkelte tilfelle ha plikt til å stoppe gjennomføringa av handelen.

MEKLAR

ANSVARLEG MEKLAR

Ole Jonny Klopstad Holsen
Eiendomsmegler / Daglig leder / Partner
Tlf 415 22 029

ole@wmegling.no

SAKSBEHANDLAR

Renate Ripe Johnsen
Eiendomsmegler / Partner
Tlf 473 30 484
renate@wmegling.no

MEKLARFORETAK

W Eiendomsmegling Sunnfjord AS
Hafstadvegen 23
6800 Førde
Telefon: 415 22 029
Epost: ole@wmegling.no
Org.nr: 926 591 126



VEDLEGG

Romskjema

Type rom	Golv	Veggar	Himling
VF / Entre (Til delevegg mot trapp)	Golvflis: CP New York 30x30 / CP Cortina 30x30	Ferdigmalte plater: Huntont Basic Wall	Malte gipsplater
Gang (Fram til trapp)	Laminat: Grand alu Champs Elysees	Ferdigmalte plater: Huntont Basic Wall	Malte gipsplater
Soverom	Laminat: Grand alu Champs Elysees	Ferdigmalte plater: Huntont Basic Wall	Malte gipsplater
Bad	Golvflis: Demireks Exil 20x20 / Majorica 20x20	Baderomsplater: Berry Alloc - Snow White Glossy 60x30	Malte gipsplater
Stove / Kjøkken	Laminat: Grand alu Champs Elysees	Gipsplater med slett duk og 2 strøk maling	Malte gipsplater
Bod / Vaskerom	Våtromsbelegg med oppbrett Gerflor Mipolam Affinity	Ferdigmalte plater: Huntont Basic Wall	Malte gipsplater
Altan	Terrassebord av Royalimpregnert tre	Fasadematerial	Spaltekledning


TILLEGGSI NFORMASJON

I stove, kjøkken, soverom og gang er det laminatgolv som ser ut som vanleg kvitpigmentert eikeparkett. Nemninga på denne er Grand Alu Champs Elysees frå Berry Alloc.


Veggar med gipsplater - kjøkken / stove. Ein kan velge fritt to fargar, og ein farge per rom. Fargar utover dette blir som tilval.

Veggar med ferdigmåla plater – gang / entre, soverom og bod / vaskerom:
Ferdigmåla veggplater type Huntonit Basic Wall. Det kan veljast fritt blant standard fargar og overflater i Basic Wall sortimentet.

Tak har gipsplate med 2 strøk matt kvit måling (Klassisk Hvit NCS S0500-N eller Bomull NCS S0502-Y)



Plan 2



Plan 1

Bustad Bøen 4-roms




Areal bustad
P-areal 118,0 m²
Bruksareal 123,0 m²



Fasade Sør
1 : 100



Fasade Vest
1 : 100




Fasade Nord
1 : 100




Fasade Øst
1 : 100


		FJELLVEGEN 11 TELEFON 6800 FØRDE 907 82 527 WWW.ARKI.NO	
Oppdragsnavn: Å&Ø Utvikling AS			
Prosjekt: Bøen Bustad			
Tilleggsstatus: Byggemelding			
Tilleggsnavn: Fasadar			
Prosjekt nr.:	Dato:	Målestokk:	Tilena av:
21033	12.08.22	1:100	HaN/lags
Tegnings nr.:			Rev.:
21033.2.F20			



Snitt A-A
1 : 100



Snitt C-C
1 : 100



Snitt B-B
1 : 100

		FJELLVEGEN 11 TELEFON 6800 FØRDE 907 82 527 WWW.ARKI.NO	
Oppdragsnavn: Å&Ø Utvikling AS			
Prosjekt: Bøen Bustad			
Tilleggsstatus: Byggemelding			
Tilleggsnavn: Snitt A-A, B-B, C-C			
Prosjekt nr.:	Dato:	Målestokk:	Tilena av:
21033	12.08.22	1:100	HaN/lags
Tegnings nr.:			Rev.:
21033.2.S01			



AUBO 2023-1 NO


Kjøkken
Sense - Samlet

AUBO
 Dansk kjøkken på sitt beste



MERK: Tegningen er bare retningsgivende. Dybdemål er ekskl. skapdører. NB: Kontrollmål må foretas

Side: 1 (1)





Kjøpetilbud på Vievegen 143

Oppdragsnr.: 12006723
Meklar: Ole Jonny Klopstad Holsen

Adresse: Vievegen 143, 6812 Førde
Matrikkel: gnr. 43, bnr. 55, i Sunnfjord kommune.

Underteikna gir herved bindande kjøpetilbud på overnemnde eigedom:

Fast kjøpesum ihht. salsoppgåve:

Beløp med bokstavar:

+ omkostningar i høve til opplysningar i salsoppgåve.

Bodet er gyldig til (dato og klokkeslett):

Eventuelle atterhald:

Kjøpesum og omkostningar finansierast slik:

Lån i	v/	tlf	kr
Eigenkapital i	v/	tlf	kr
Eigenkapital består av	<input checked="" type="checkbox"/> sal av noverande bustad eller anna fast eigedom	<input checked="" type="checkbox"/> disponibelt kontantbeløp (bankinnskudd)	

Underteikna er kjend med at seljar står fritt til å godta eller forkaste eit kvart bod og er klar over at handelen er juridisk bindande for begge partar, dersom bodet akseptertast innan akseptfrist. Bodet kan ikkje trekkast tilbake innan akseptfristen dersom seljar er gjort kjend med bodet.

Underteikna bodgivarar (dersom fleire) gir kvarandre gjensidig representasjonsfullmakt. Dette innebære at meklar kan forhalde seg til kven som helst av oss mtp. informasjon om bod, endringar i bod frå vår side, samt informasjon om avslag eller aksept. Kjøpar er inneforstått med at kopi av legitimasjon og stadfesting av finansiering for heile kjøpesummen skal foreleggast meklar saman med nærværande kjøpetilbud.

Bodskjema sendast til ole@wmegling.no.



Kjøpetilbud på Vievegen 143

Oppdragsnr.: 12006723
Meklar: Ole Jonny Klopstad Holsen

Bodgivarar

Navn:

Navn:

Personnr.:

Personnr.:

Adresse:

Adresse:

Tlf:

Tlf:

E-post:

E-post:

Sted, dato:

Sted, dato:

Signatur:

Signatur:

Kopi av gyldig legitimasjon (f.eks. førerkort)

Kopi av gyldig legitimasjon (f.eks. førerkort)

W Eiendomsmegling Sunnfjord AS, Hafstadvegen 23, 6800 Førde, tlf. 415 22 029, fax: 415 22 029



W EIENDOMSMEGLING

Vårt mål er å gi våre kunder en bedre opplevelse og det beste resultatet ved å kombinere ekte eiendomsmegling med nyskapende teknologi.

Vi utvikler markedsledende teknologi og jobber for å optimalisere tradisjonell eiendomsmegling. Vår teknologi frigir megleren din for tid til å bruke på ditt boligsalg, slik at du kan føle deg sikker på at din bolig blir prioritert.

Vi bruker tiden vår på det som skaper merverdi for deg. Det handler ikke bare om å få solgt boligen din, det handler om å sikre at du som kunde får riktig kjøper til den.

Våre meglere benytter kompetansen sin på de salgsutløsende faktorene for din bolig. Vi er opptatt av hva du som kunde sitter igjen med etter salget, og bruker ikke tid på annet. Dette har vi vår teknologi til.



BLI INSPIRERT

Motta tips, inspirasjon og gode råd ved kjøp og salg av bolig.
Følg oss i sosiale medier og meld deg på vårt nyhetsbrev.



@weiendomsmegling



@weiendomsmegling



weiendomsmegling.no



weiendomsmegling.no

415 22 029- ole@wmegling.no

